

Følgjande råd og utval er inviterte til å kome med merknader til administrasjonen sitt framlegg:

a) Ungdomsrådet

Ungdomsrådet i Vanylven kommune ser det som uverdig at det er føreslege å redusere tal på sjukeheimspllassar. Vi ynskjer å bu i ei kommune som det er godt å bli gamal i. Utvikling av skular og næringsgrunnlag er viktig for å gjøre det attraktivt å velge å busette seg i Vanylven. Ungdomsrådet vil oppmøde kommunestyret om å arbeide for eit framtidsretta tenestetilbod som vil stimulere til ei god folketalsutvikling. Når det gjeld prosess for skule- og barnehagebruksplan i økonomiplanperioden, ser ungdomsrådet som best løysing at skulane vert som dei er. Vi meiner i dag er det uaktuelt med ein felles ungdomsskule. Med tanke på at sentraliseringa, longe reise veger. Vi er ei langstrakt kommune med mange bygder. Bygdene mistar ungdomen, som vil leie til mindre tilflyttarar i bygdene. Viss det skal være aktuelt med ein felles ungdomsskule må det blant anna byggast ein splitter ny en. Pengar som vi ikkje har.

b) Livsløpsutvalet

Framlagd økonomiplan 2020-2023 med budsjett for 2020 vert vedteken med slike tillegg/endringar:

- Fiskå skule flyttast fram i budsjettet. Med byggestart juni 2020.
- Vi vil oppretthalde Tynnaknuten. Det er eit tilbod som er viktig for brukarane. Forslag til finansiering: Flyktningfondet.
- Bed om at ein utgreier moglegitene for Vanylven kommune om statleg finansiert omsorgsteneste.

c) Driftsutvalet

Framlagd økonomiplan 2020 - 2023 med budsjett for 2020 vert teke til vitande med slik endring/tillegg:

Ynskjer å starte bygging av Fiskå skule med byggestart i 2020.

Vi vil oppretthalde Tynnaknuten. Det er eit tilbod som er viktig for brukarane

Forslag til finansiering: Flyktningefondet.

d) Eldrerådet

Eldrerådet ser av folketalsutviklinga ei klar auke på eldre i kommunen. Vidare ser vi på kommunebarometeret at eldreomsorg i kommunen kjem därleg ut (på 357 plass). Dette syner at eldreomsorga, og deri at dei eldre må få den hjelpa dei treng, så tenesta bør heller styrkast enn å svekkast.

Eldrerådet vil på det sterkaste frårå at 9 sjukeheimspllassar vert nedlagt. Vi ber om ein plan på korleis dette er tenkt gjennomført, slik at dei eldre med hjelpebehov blir teke godt vare på.

Vi ber også om at ein ser på moglegheitene til å legge til rette for bygging av gjennomgangsbustader. Det er viktig at vi har god tilgang på bustader for eldre, som vil flytte frå husa sine, til meir sentrumsnære og meir lettvinde bueiningar.

Eldrerådet er opptekne av at kommunen jobbar godt med å rekruttere, og behalde gode tilsette i helse- og omsorgstenestene, slik at vi i framtida har nok varme hender i både heimeteneste og på institusjon.

Vi ber om at ein undersøker behovet for fellesstove på Åheim og Rovde før ein fjernar desse frå økonomiplanen.

Eldrerådet er bekymra for at ein tek vekk støtta til Tynnaknuten, eit tilbod som kunne vore tilrettelagt også for eldre som treng rusomsorg.

e) Råd for funksjonshemma

Framlagd økonomiplan 2020 - 2023 med budsjett for 2020 vert vedteke med slike tillegg/endringar:

Tynnaknuten:

1. Råd for funksjonshemma ser på at det er viktig at Tynnaknuten blir vidareført i 2020.
2. Kr. 1.550.000 blir overført frå sektorfond helse og sosial til drift av Tynnaknuten i 2020.

Stenbakken:

1. Råd for funksjonshemma er sterkt uroa over at det er foreslått å ta vekk 20 % stilling frå Stenbakken og administrering av hjelpemidlar.
2. Kr. 140.000 blir overført frå sektorfond helse og sosial til drift av 20 % stilling Stenbakken.

f) Administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet ber kommunestyret ta omsyn til ansvaret Vanylven har som arbeidsgjevar, og ha fokus på tilrettelegging for god personalpolitikk i arbeidet vidare.

Dei tillitsvalde ynskjer i tillegg:

1. At kommunen fullfører prosessen med skule- og barnehagebruksplanen, slik at vi lyttar ut alle partar, for å sikre ein god skule for alle i framtida.
2. At vi har nok hender i alle sektorar, og at vi fokuserer på rekruttering, fornyings- og utviklingstiltak vidare.